

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
017.7	Knut Øyjordet	23.01.24	5/24

HABILITET I BEHANDLING AV SAKER SOM GJELD VÅGÅ TAMREIN AS

Saksdokument:

Sakene 4/19 og 17/20 i fjellstyret.

Saksutgreiing og vurdering:

Spørsmål om habiliteten til medlemene i fjellstyret ved behandling av saker som gjeld Vågå Tamrein har vore oppe til behandling ved fornying av hamneleigekontrakt både i 2004 og i 2013, samt i fjor ved behandling av eit krav frå fjellstyret til tamreinlaget. I 2004 vedtok fjellstyret at både dei to medlemane som reiste spørsmål om sin habilitet ved behandling av sak om fornying av hamneleigekontrakt, var habile. Den eine hadde fem aksjar og den andre ein aksje i tamreinlaget. I 2013 var ein av medlemane inhabil pga. styreverv i tamreinlaget. Det kan også nemnast at Lom fjellstyre nyleg har behandla og gjort vedtak i ei liknande sak i forkant av behandling av ny hamneleigekontrakt med tamreinlaget i Lom.

Kapittel 2 i forvaltningslova omhandlar habilitet, og i § 6 er det lista opp dei tilfella der ein person vert rekna som inhabil til å vera med og ta avgjerd i ei forvaltningssak. § 8 i lova omhandlar kven som tek avgjerd i habilitetsspørsmålet.

Innstilling til vedtak:

I behandling av fjellstyresaker som gjeld Vågå Tamrein AS, så vedtek fjellstyret at fjellstyremedlemar som har seks aksjar eller fleire i tamreinlaget, blir erklært inhabile. Fjellstyret viser elles til forvaltningslova når det gjeld reglar for habilitet.

Vedtak:

Samrøystes: Som innstillinga.

Før behandling av saka stilte Pål Grev spørsmål om sin habilitet (har fleire aksjar i Vågå Tamrein). Det same gjorde Gunn Berit Aasheim (har ein aksje i Vågå Tamrein), og dei fråtredde møtet. Fjellstyret vedtok samrøystes at Pål Grev er inhabil, og Gunn Berit Aasheim er habil i behandling av saka.

Rett utskrift.

Vågåmo, 23.01.24

Knut Øyjordet (e.f)